




**PÅ BLÅ GRUNN
EIT SØLV
REINSDYRGEVIR**

Våpenet er godkjent
ved kgl. res.
13.7.1984

og er teikna av
John Digernes.

Dei første menneska
i Eidfjord dreiv jakt
på reinsdyr, og i alle
år seinare har reinen
vore eit viktig
næringsgrunnlag for
folket. Motivet har òg
eit vidare innhald.
Geviret uttrykkjer
styrke, og taggane
kan stå som symbol
for vekst. Geografisk
kan motivet
symbolisera elvane
frå fjellet som
møtest ved fjorden.



Det er neppe rett å utelata EIDFJORD frå Hardanger, slik P.A. Munch gjer i si opprekning av skipreide i «*Norges Geografi i Middelalderen*».

Rettnok høyrde Eidfjord i geistleg samanheng til Stavanger bispedømme og vart rekna til Hallingdal fram

til 1631. Grunnen til denne spesielle ordninga er at vegen for Stavangerbispens visitasreiser til Hallingdal og Valdres gjekk over fjellet frå Eidfjord. For at

biskopen skulle kunne skriva ut skyss i sitt eige bispedømme, vart Eidfjord sokn lagt til Stavanger (Ⓢ15, Ⓢ436).

Men i skipreideordninga høyrde Eidfjord til Hardanger. Eidfjord var eiga skipreide på 1200-talet; i seinare hundreår var Eidfjord og Ulvik i lag, i periodar saman med Granvin (Ⓢ433). Eidfjord fekk kommunalt sjølvstyre i 1891, men vart slått saman med Ullensvang i 1964. Etter ein seig kamp mot samanslåinga klarte så eidførene på ny, i 1977, å verta herre i eige hus, som dei var det i mellomalderen. □

EIDFJORD

Eidfjord, Hæreid og Læg Reid er namn som er lette å forstå: det høgareliggjande og lågareliggjande eidet ved fjorden. Simådalen kan vera ei avleiing av eit eldre simi «reip», kanskje opphavleg om fjorden. Sæ (ofte skrivne Sæd) tyder «garden ved sjøen», medan det noko yngre Kjeåsen har ordet (geite)kje i førsteleddet og fortel altså om husdyrhald. Førsteleddet i Varberg (eigentleg Vardberg) heng saman med varde. Hjølmo er ei dativ fleirtalsform av gno. hjalmr «hjelme», her brukt om terrengformasjon. Måbø er ikkje sikkert tolka, førsteleddet kan vera eit mannstilnamn av gno. mår «måse». Den mektige Vøringsfossen ber namnet sitt med rette, av gno. virðingr «den vørdelege, agefulle». Halne, opphavleg namn på Halnefjorden, har vore sett i samband med eit ord som tyder «midtvegs», vel mellom Hallingdal og Hardanger. Sumtangen i Finnsbergvatnet kan setjast i samanheng med symja.

Den første slåmaskinen tek del i kornskurden på Læg Reid. Foto frå kring 1916.

